



Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2447 - 15/14894

Saksbehandlar:

Per Inge Olsen

per.inge.olsen@meland.kommune.no

Dato:

05.08.2015

Skjønstilskot 2016 til Meland kommune - moment med omsyn til kommunen sitt behov for skjønsmidlar

1 Innleiing

Vi viser til Dykkar skriv av 22. juni 2015 med melding om tildeling av ordinært skjønstilskot for 2016. Kommunen kunne velje å sende inn opplysningar som grunnlag for fylkesmannen sin vurdering i svar innan 6. august. Dette brevet er Meland kommune sitt svar med våre behovsvurderingar i forhold til tildeling av skjønstilskot for 2016.

For Meland kommune er høg folkevekst og stort tempo i bustadbygginga som skal foreinast med ambisiøse mål innan tenestevivå, kvalitet, klima, miljø og transport ei stor utfordring. Dette er ei utfordring vi deler med fleire av randkommunane til Bergen. Som vi påpeiker seinare har Meland hatt spesielt høg vekst i folketal dei siste åra, og kombinert med relativt låge inntekter meiner vi likevel Meland kommune har ei særskilt stor utfordring på desse områda.

Ein del av veksten kjem og som følgje av at kommunen har vore god på tilrettelegging for bustadbygging, og dermed tatt av for den regionale veksten i bustadbehov. Undersøkingar tyder nemleg på at Bergen som regionsenter her ikkje har gjort ein god nok jobb på dette område, og dermed har nabokommunane til Bergen (som Meland) opplevd eit større press enn dei normalt skulle gjort.

Kommunen har kutta mykje i tenestetilbodet dei siste 2 åra for å snu den økonomiske utviklinga etter mange år med underskot, og kommunen budsjetterer no med overskot som gjer at kommunen har noko meir handlefridom enn tidligare. Samstundes er presset frå innbyggjarar og det politiske miljø om vidareutvikling av tenestetilbodet vorte større når ein no ser at vi har noko midlar til disposisjon når vi lagar budsjett og økonomiplanar.

Dei økonomiske rammevilkåra er likevel ei stor utfordring, og tvingar oss heile tida til ei streng prioritering. Økonomiplanen for 2016-2019 som vart vedteke i juni 2015 viser at den reelle veksten

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

i inntekter ikkje vert stor nok til å oppretthalde tenestetilbodet på 2015 nivå.

Stort sett heile veksten i budsjettet for 2016 vil nemleg gå til auka tilskot til dei private barnehagar grunna auka satsar og fleire born i barnehagane, samt til auke i tal på klassar og til investering i skuleutvidingar grunna auke i elevtal. Dette er ein direkte konsekvens av å vere ein kommune med høg vekst og ung befolkning.

2 Moment til vurdering i forhold til tildeling av skjønsmidlar

Meland kommune vil i dette notatet peike på følgjande moment som vi meiner bør kunne vektleggjast i samband med vurdering av skjønsmidlar til Meland kommune.

Desse er:

1. Stor folketalsvekst siste 5 år og forventningar om fortsatt høg vekst.
2. Veksttilskotet dekkjer ikkje opp for auke i tenestebehov som følgje av folkeveksten.
3. Meland kommune har generelt eit lågt inntektsnivå, ikkje samsvar med utgiftsbehovet.
4. Kraftig auke i barnehageutgifter for Meland kommune i 2016.
5. Språkdeling i skulane gjev utfordringar som ikkje vert dekt opp ved berekning av utgiftsbehovet.
6. Utfordringar innan førebyggjande helsevern.
7. Utfordringar innan rus og rusomsorga.
8. Utfordringar i samband med høg og aukande arbeidsløyse.

3 Utvikling i folketal i Meland kommune og prognose vidare framover

3.1 Folketalsutvikling dei siste åra

Utvikling i folketal er eit av dei viktigaste basiskriteria for den økonomiske utviklinga i ein kommune. Stor vekst er ei utfordring for mange kommunar, då rammetilskot og utgiftsutjamning vert fastsett basert på folketalet per 1. juli i året før rekneskapsåret. Frå 2014 til 2015 (1. januar) var veksten i folketalet i Meland kommune på 2,55 %, som er litt lågare enn veksten frå 2013 til 2014 som var på 2,7 %. Dei 5 siste åra er gjennomsnittleg folkevekst i Meland kommune på 3,3 %, som er den nest høgaste veksten hjå alle kommunar i Norge i denne perioden.

3.2 Folkeveksten i Meland kommune samanlikna med andre kommunar

Tabellen under viser at Meland kommune er nr 2 i Norge når det gjelder gjennomsnittlig folkevekst dei siste 5 åra, etter Rennesøy kommune.

Kommunar med størst gj.snittleg vekst i folketal siste 5 år (2009-2014)							
Nr	Kommune	2009	2014	Sum endr 09-14	Endr % 13-14	Sum endr % 09-14	Gj.snitt pr år
1	1142 Rennesøy	4 035	4 794	759	0,82 %	18,81 %	3,76 %
2	1256 Meland	6 631	7 736	1 105	2,55 %	16,66 %	3,33 %
3	1657 Skaun	6 626	7 668	1 042	3,73 %	15,73 %	3,15 %
4	0235 Ullensaker	29 088	33 310	4 222	2,69 %	14,51 %	2,90 %
5	1243 Os (Hord.)	16 684	19 097	2 413	2,24 %	14,46 %	2,89 %
6	0137 Våler (Østf.)	4 472	5 100	628	2,45 %	14,04 %	2,81 %
7	1121 Time	16 077	18 306	2 229	2,29 %	13,86 %	2,77 %
8	1102 Sandnes	64 671	73 624	8 953	2,40 %	13,84 %	2,77 %
9	1122 Gjesdal	10 208	11 600	1 392	2,50 %	13,64 %	2,73 %
10	0211 Vestby	14 373	16 310	1 937	2,30 %	13,48 %	2,70 %

Ser vi isolert på folkeveksten i 2014 er Meland nr 11 i Norge og nr 2 i Hordaland. Se tabellen under for vekst i utvalde kommunar i Hordaland i 2014.

Nr i Norge	Nr i Hord.	Kommune	2013	2014	Endr 13-14	Endr % 13-14	Gj.snitt 09-14
8	1	1222 Fitjar	3 009	3 093	84	2,8 %	1,1 %
11	2	1256 Meland	7 544	7 736	192	2,5 %	3,3 %
19	3	1246 Fjell	23 852	24 427	575	2,4 %	2,4 %
31	4	1243 Os (Hord.)	18 678	19 097	419	2,2 %	2,9 %
32	5	1263 Lindås	15 069	15 402	333	2,2 %	1,6 %
47	6	1247 Askøy	27 346	27 858	512	1,9 %	2,3 %
107	15	1201 Bergen	271 949	275 112	3 163	1,2 %	1,4 %
147	19	1264 Austrheim	2 833	2 856	23	0,8 %	0,9 %
164	20	1253 Osterøy	7 786	7 842	56	0,7 %	1,1 %
180	21	1266 Masfjorden	1 693	1 704	11	0,6 %	0,8 %
348	30	1260 Radøy	5 039	5 014	-25	-0,5 %	0,8 %

Totalt for Norge er folkeveksten i 2014 på 1,11 % og 1,21% for Hordaland.

Tala over viser at problemstillingane knytt til folkevekst vil være spesielt store for Meland samanlikna med andre kommunar.

3.3 Prognose for folketalsutviklinga 2016 - 2019

Folketalsutviklinga framover vil avhenge av ei rekke forhold, nokre som kommunen sjølv har styring med, men og forhold som ligg utanfor kommunen sin kontroll.

Slike kan vere:

- Bustadutviklinga og tilgangen på attraktive bustader i kommunen.
- Sysselsetjing og tilgang på arbeidsplassar i pendelavstand.
- Kommunen sitt generelle omdømme og korleis oppfatninga av det kommunale tenestetilbodet er.
- Forhold i nabokommunane vedr. servicetilbod, bustadtilbod og omdømme.
- Nasjonale utviklingstrekk, som til dømes tilflyttinga til dei store byregionane.
- Utvikling innan samferdsle.

Meland kommune har i sin prognose tatt utgangspunkt i Statistisk Sentralbyrå sin middelalternativprognose (MMMM) for folketalsutviklinga vidare framover. Forventa folketalsutvikling på lang sikt i Meland frå desse prognosane er:

År:	2014	2025	2035
pr 31.12. i året	7 736	10 657	13 816
Vekst frå året før	192	2 921	3 159
Vekst i % pr år	2,5 %	2,8 %	2,8 %

Prognosen inneber ein årleg vekst på mellom 2,8% og 3,0 %. Meland kommune er i sine plandokumenter noko meir forsiktig i forhold til forventa folkevekst, og legg både i kommuneplan og økonomiplan opp til ein årleg vekst på 2,6%.

3.4 Aldersfordeling og demografi


Følgjande utvikling per aldersklasse er lagt til grunn for inntektsberekninga i økonomiplanen.

Alder	Faktiske tall				Prognose				
	1. juli F-2012	1. juli F-2012	1. juli F-2013	1. juli F-2014	1. juli P-2015	1. juli P-2016	1. juli P-2017	1. juli P-2018	1. juli P-2019
0-1 år	310	217	252	258	266	274	283	292	301
2-5 år	337	476	491	499	514	530	545	560	575
6-15 år	1 052	1 065	1 076	1 120	1 167	1 212	1 257	1 305	1 350
16-22 år	669	693	733	725	735	750	760	768	775
23-66 år	3 908	4 086	4 197	4 279	4 370	4 465	4 570	4 680	4 800
67-79 år	436	472	517	564	589	611	635	657	680
80-89 år	172	165	167	175	177	179	181	183	185
90+ år	43	46	44	47	49	50	51	52	53
Sum	6 927	7 220	7 477	7 667	7 867	8 071	8 282	8 497	8 719

Endringane frå året før er spesifisert i tabellen under. Vi ventar ei årleg auke i 2015 på 200 personar, ein vekst på 2,6 % frå året før.

Alder	Faktiske tal			Prognose				
	1. juli F-2012	1. juli F-2013	1. juli F-2014	1. juli P-2015	1. juli P-2016	1. juli P-2017	1. juli P-2018	1. juli P-2019
0-1 år		35	6	8	8	9	9	9
2-5 år	46	15	8	15	16	15	15	15
6-15 år	13	11	44	47	45	45	48	45
16-22 år	24	40	-8	10	15	10	8	7
23-66 år	178	111	82	91	95	105	110	120
67-79 år	36	45	47	25	23	24	22	23
80-89 år	-7	2	8	2	2	2	2	2
90+ år	3	-2	3	2	1	1	1	1
Sum	293	257	190	200	205	211	215	222
0-1 år	0,0 %	16,1 %	2,4 %	3,1 %	3,0 %	3,3 %	3,2 %	3,1 %
2-5 år	13,6 %	3,2 %	1,6 %	3,0 %	3,1 %	2,8 %	2,8 %	2,7 %
6-15 år	1,2 %	1,0 %	4,1 %	4,2 %	3,9 %	3,7 %	3,8 %	3,4 %
16-22 år	3,6 %	5,8 %	-1,1 %	1,4 %	2,0 %	1,3 %	1,1 %	0,9 %
23-66 år	4,6 %	2,7 %	2,0 %	2,1 %	2,2 %	2,4 %	2,4 %	2,6 %
67-79 år	8,3 %	9,5 %	9,1 %	4,3 %	3,8 %	3,9 %	3,5 %	3,5 %
80-89 år	-4,1 %	1,2 %	4,8 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %	1,1 %
90+ år	7,0 %	-4,3 %	6,8 %	4,3 %	2,0 %	2,0 %	2,0 %	1,9 %
Sum	4,2 %	3,6 %	2,5 %	2,6 %	2,6 %	2,6 %	2,6 %	2,6 %

Vi legg til grunn at veksten i aldersgruppene 0-5 år vert noko lågare enn han har vore dei siste åra, medan veksten i skulealder 6-15 år vert noko høgare. Endringar i innbyggjarar per år i frå tabellen over kan og beskrivast med følgjande figur som viser vekst per år per aldersgruppe:



4 Folketalsutvikling sett opp mot veksttilskotet som del av rammetilskotet til kommunen

Veksttilskotet vart endra i 2015 slik at fleire kommunar fekk tilskot og tilskotsnivået for aktuelle kommunar vart høgare. Kommunen må ha ein årleg gjennomsnittleg folkevekst dei siste tre åra på over 1,6 prosent for å få tilskotet. Det blir gitt kr 55.000,- for kvar innbyggjar over denne vekstgrensa. For Meland kommune er det venta at veksttilskotet i 2016 vert noko redusert i forhold til 2015, og ytterlegare redusert i 2017-2019 som følgje av føresetnaden om ei årleg folketalsauke på 2,6% per år. Tilskotet er budsjettert med 7,5 mill i 2015, 6,9 mill i 2016, og minkande til 4,6 mill i 2019.

Meland kommune meiner at veksttilskotet ikkje dekkjer opp for dei utfordringane kommunen faktisk har som følgje av folkeveksten. Følgjande tabell viser årleg auke i kostnader for viktige tenesteområde i forhold til folkeveksten:

Kostra-analyse - Meland kommune utgifter vekst 2014-2015

Utvalgte nøkkeltall, nivå 1 - konsern	Netto driftsutg. 2014	Grunnlag fordeling	Kost. pr innb. 2014	Nye innb. pr år 1.7.14 - 1.7.15	Kalkulert kostn. økning 14-15
Sum netto driftsutgifter	396 036	7 736	51 194	200	10 238 800
Fordelt til hovedområder slik:					
Barnehager, per innb. 1-5 år	83 534	638	130 931	19	2 487 689
Grunnskole, per innb. 6-15 år	107 459	1 142	94 097	47	4 422 559
kommunehelsetjenesten, pr innb.	19 405	7 736	2 508	200	501 600
Pleie- og omsorgtjenesten, pr innb.	98 229	7 736	12 698	200	2 539 600
Sosialtjenesten pr. innb. 20-66 år	11 158	4 618	2 416	94	227 104
Barnevernstjenesten, per innb. 0-17 år	8 398	2 104	3 991	72	287 352
Administrasjon og styring, pr. innb	23 901	7 736	3 090	200	618 000
Andre netto driftsutg., pr. innb (1)	43 952	7 736	5 681	200	1 136 200
Sum økning netto kostnader som følge av bef.økning					12 220 104
Veksttilskot 2015					7 469 000
Manglande finansiering av vekstkostn.					4 751 104

(1) Andre netto driftsutg. er slike som ikkje er definert i grupperingane over i Kostratabellen Utvalgte nøkkeltall nivå 1

Årleg befolkningsauke i tabellen i pkt 3.4 over legg til grunn ei årleg auke på 200 personar frå 1. juli 2014 til 1. juli 2015. Ved å nytte Kostra-statistikk for 2014 kan vi berekne kva desse ekstra innbyggjarane som vi ventar i løpet av 2015 vil koste kommunen. Netto driftsutgifter per innbyggjar er kr 51.194, som for 200 innbyggjarar totalt vert kr 10,3 mill. Tek vi omsyn til fordeling på ulike aldersgrupper og tenesteområder får vi ein total forventa kostnadsauke på kr 12,2 mill, kr 1,9 mill høgare enn ved å berekne ein felles sum per innbyggjar. Dette er og kr 4,75 mill høgare enn veksttilskotet Meland kommune får i 2015.

Rammetilskotet er berekna ut frå innbyggjartal i året før budsjettåret, og dermed er det kun veksttilskotet som dekker opp for kommunen sine vekstkostnader. Sjølv om disse ikkje aukar proposjonalt og i nøyaktig same takt som folkeveksten, så gjev berekninga over ein indikasjon på at berre om lag 60% av dei faktiske vekstkostnadane vert finansiert med veksttilskotet i inntektsramma, og at særleg stor vekst bør vektleggjast ved tildeling av skjønstilskotet til kommunane.

5 Generelt om inntektsnivået og utgiftsbehovet for Meland kommune

Meland kommune er ein av kommunane i Hordaland med lågast inntekter per innbyggjar.


Hordaland 2015 - Anslag frie inntekter i statusbudsjettet for 2015.	Frie inntekter per innb. (kr) - estimat 2015	Avvik frå Meland sine tal	Avvik i % frå Meland sine tal	Innt.avvik i forhold til Meland (mill kr)
1246 Fjell	46 805	-3 104	-6 %	-24,0
1201 Bergen	47 239	-2 670	-5 %	-20,7
1221 Stord	47 515	-2 394	-5 %	-18,5
1243 Os (Hord.)	48 289	-1 620	-3 %	-12,5
1247 Askøy	48 461	-1 448	-3 %	-11,2
1253 Osterøy	49 083	-826	-2 %	-6,4
1263 Lindås	49 158	-752	-2 %	-5,8
1245 Sund	49 231	-679	-1 %	-5,2
1256 Meland	49 909	-	0 %	-
1259 Øygarden	50 793	884	2 %	6,8
1235 Voss	50 876	967	2 %	7,5
1224 Kvinnherad	51 687	1 778	4 %	13,8
1260 Radøy	52 218	2 309	5 %	17,9
1216 Sveio	53 162	3 253	7 %	25,2
1219 Bømlo	53 404	3 495	7 %	27,0
1238 Kvam	54 224	4 315	9 %	33,4
1228 Odda	54 637	4 728	9 %	36,6
1211 Etne	55 026	5 117	10 %	39,6
1264 Austrheim	55 296	5 387	11 %	41,7
1222 Fitjar	56 021	6 112	12 %	47,3
1241 Fusa	57 174	7 264	15 %	56,2
1242 Samnanger	57 537	7 628	15 %	59,0
1251 Vaksdal	58 169	8 260	17 %	63,9
1244 Austevoll	58 335	8 426	17 %	65,2
1223 Tysnes	58 700	8 791	18 %	68,0
1231 Ullensvang	60 280	10 371	21 %	80,2
1266 Masfjorden	66 639	16 730	34 %	129,4
1227 Jondal	67 939	18 030	36 %	139,5
1234 Granvin	69 158	19 249	39 %	148,9
1233 Ulvik	72 103	22 194	44 %	171,7
1232 Eidfjord	72 259	22 350	45 %	172,9
1265 Fedje	90 001	40 092	80 %	310,2
1252 Modalen	102 237	52 328	105 %	404,8
EKA12 Hordaland	49 228	-681	-1 %	-5,3

Tabellen til venstre syner at Meland i estimatet for 2015 har frie inntekter på kr 49.909,- per innbyggjar (per 31.12.2014 er innb.talet i Meland kommune 7.736). Fjell kommune har lågast frie inntekter med kr 46.805,- per innb., eller 6 % lågare enn Meland kommune.

Generelt så ligg små kommunar høgt og dei større kommunane lågare når det gjeld nivå på fire inntekter. I siste kolonne har vi rekna ut kva Meland ville fått i endra inntekt med frie inntekter Pr innbyggjar som i samanlikningskommunen.

Til dømes har Austrheim kommune kr 55.296,- i frie inntekter per innbyggjar, noko som er 11% meir enn Meland kommune. Med dette nivået hadde inntektene til Meland kommune auka med kr 41,7 mill.

Dei %-vise forskjellane i frie inntekter Pr innbyggjar kan illustrerast med følgjande figur:



Utgiftsindeks for Hordaland - statsbudsjettet for 2015	Indeks berekna utgiftsbehov	Avvik i % frå Meland
1201 Bergen	94,81 %	-9,5 %
1246 Fjell	98,21 %	-6,3 %
1221 Stord	98,36 %	-6,2 %
1243 Os	99,72 %	-4,9 %
1247 Askøy	102,01 %	-2,7 %
1263 Lindås	103,19 %	-1,6 %
1259 Øygarden	104,54 %	-0,3 %
1245 Sund	104,54 %	-0,3 %
1253 Osterøy	104,56 %	-0,2 %
1256 Meland	104,81 %	0,0 %
1235 Voss	105,42 %	0,6 %
1228 Odda	105,92 %	1,1 %
1264 Austrheim	106,06 %	1,2 %
1224 Kvinnherad	107,77 %	2,8 %
1260 Radøy	108,27 %	3,3 %
1219 Bømlo	108,39 %	3,4 %
1216 Sveio	109,91 %	4,9 %
1238 Kvam	110,33 %	5,3 %
1222 Fitjar	112,66 %	7,5 %
1242 Samnanger	113,09 %	7,9 %
1211 Etne	113,60 %	8,4 %
1244 Austevoll	114,30 %	9,0 %
1241 Fusa	117,93 %	12,5 %
1251 Vaksdal	118,53 %	13,1 %
1223 Tysnes	118,66 %	13,2 %
1231 Ullensvang	122,53 %	16,9 %
1234 Granvin	126,47 %	20,7 %
1232 Eidfjord	128,12 %	22,2 %
1266 Masfjorden	128,48 %	22,6 %
1227 Jondal	133,54 %	27,4 %
1233 Ulvik	136,20 %	29,9 %
1265 Fedje	163,14 %	55,6 %
1252 Modalen	187,27 %	78,7 %
Hordaland	99,94 %	-4,7 %


Forskjellar i inntektsnivå skal i utgangspunktet komme som følge av ulikt utgiftsbehov. Dette kan vi få fram i statsbudsjettet sine grunnlagstal, og kan oppsummerast som i tabellen til venstre.

Meland kommune har for 2015 ein berekna utgiftsindeks på 104,81, opp frå 102,55 i 2014. Dette er på nivå med Øygarden, Sund og Osterøy.

Det er ikkje alltid forholdsmessig samanheng mellom avvik i utgiftsbehov og inntektsnivå. Austrheim ligg t.d. 1,2 % over Meland kommune i utgiftsbehov men har 11 % høgare inntekter per innbyggjar.

Odda er ein anna kommune som ligg nær Meland med 1,1 % høgare utg.inndeks, men har i tabellen på førre side 9 % høgare frie inntekter per innbyggjar enn Meland kommune.

Følgjande figur viser forskjellande mellom kommune i Hordaland:



Samstilling av tabellane over viser at nesten alle kommunane i Hordaland kjem betre ut enn Meland når ein vurderer utgiftsbehov opp mot nivå på frie inntekter. Berre Osterøy, Sund og Askøy får forholdsmessig dårlegare betalt enn Meland kommune for statsbudsjettet sin berekning av utgiftsbehovet, som igjen ligg til grunn for berekning av kommunane sine frie inntekter.

Hordaland 2015 - Statusbudsjett	Frie inntekter per innb. (kr) - estimat 2015	Avvik frå Meland sine tal	Avvik i % frå Meland sine tal	Indeks berekna utgifts- behov	Utg. indeks - Avvik i % frå Melan	Forskj. frie innt. - utgifts- behov.
1253 Osterøy	49 083	-826	-1,7 %	104,56 %	-0,2 %	-1,4 %
1245 Sund	49 231	-679	-1,4 %	104,54 %	-0,3 %	-1,1 %
1247 Askøy	48 461	-1 448	-2,9 %	102,01 %	-2,7 %	-0,2 %
1256 Meland	49 909	-	0,0 %	104,81 %	0,0 %	0,0 %
1263 Lindås	49 158	-752	-1,5 %	103,19 %	-1,6 %	0,0 %
1246 Fjell	46 805	-3 104	-6,2 %	98,21 %	-6,3 %	0,1 %
1224 Kvinnherad	51 687	1 778	3,6 %	107,77 %	2,8 %	0,7 %
1260 Radøy	52 218	2 309	4,6 %	108,27 %	3,3 %	1,3 %
1235 Voss	50 876	967	1,9 %	105,42 %	0,6 %	1,4 %
1221 Stord	47 515	-2 394	-4,8 %	98,36 %	-6,2 %	1,4 %
1243 Os (Hord.)	48 289	-1 620	-3,2 %	99,72 %	-4,9 %	1,6 %
1216 Sveio	53 162	3 253	6,5 %	109,91 %	4,9 %	1,7 %
1211 Etne	55 026	5 117	10,3 %	113,60 %	8,4 %	1,9 %
1259 Øygarden	50 793	884	1,8 %	104,54 %	-0,3 %	2,0 %
1241 Fusa	57 174	7 264	14,6 %	117,93 %	12,5 %	2,0 %
EKA12 Hordaland	49 228	-681	-1,4 %	99,94 %	-4,7 %	3,3 %
1238 Kvam	54 224	4 315	8,6 %	110,33 %	5,3 %	3,4 %
1251 Vaksdal	58 169	8 260	16,5 %	118,53 %	13,1 %	3,5 %
1219 Bømlo	53 404	3 495	7,0 %	108,39 %	3,4 %	3,6 %
1231 Ullensvang	60 280	10 371	20,8 %	122,53 %	16,9 %	3,9 %
1201 Bergen	47 239	-2 670	-5,4 %	94,81 %	-9,5 %	4,2 %
1223 Tysnes	58 700	8 791	17,6 %	118,66 %	13,2 %	4,4 %
1222 Fitjar	56 021	6 112	12,2 %	112,66 %	7,5 %	4,8 %
1242 Samnanger	57 537	7 628	15,3 %	113,09 %	7,9 %	7,4 %
1244 Austevoll	58 335	8 426	16,9 %	114,30 %	9,0 %	7,8 %
1228 Odda	54 637	4 728	9,5 %	105,92 %	1,1 %	8,4 %
1227 Jondal	67 939	18 030	36,1 %	133,54 %	27,4 %	8,7 %
1264 Austrheim	55 296	5 387	10,8 %	106,06 %	1,2 %	9,6 %
1266 Masfjorden	66 639	16 730	33,5 %	128,48 %	22,6 %	10,9 %
1233 Ulvik	72 103	22 194	44,5 %	136,20 %	29,9 %	14,5 %
1234 Granvin	69 158	19 249	38,6 %	126,47 %	20,7 %	17,9 %
1232 Eidfjord	72 259	22 350	44,8 %	128,12 %	22,2 %	22,5 %
1265 Fedje	90 001	40 092	80,3 %	163,14 %	55,6 %	24,7 %
1252 Modalen	102 237	52 328	104,8 %	187,27 %	78,7 %	26,2 %

Dette framgår av tabellen til venstre.

I analysane over er det heile tida brukt frie inntekter. Mange av kommunane har i tillegg store utbytteinntekter, finansinntekter på formue og eigedomsskatteinntekter frå industri og vasskraft, noko som gjer at forskjellane vert enda større enn kva som kjem fram i tabellen over. Kommunane Lindås, Vaksdal, Odda, Øygarden, Jondal, Masfjorden, Ulvik, Eidfjord og Modalen hadde alle i 2014 meir enn kr 10.000,- per innbyggjar i inntekter som nemnd over. Desse kjem i tillegg til dei frie inntektene som spesifisert i tabellen over. Dette er og kommunar som i utgangspunktet kjem svært godt ut av samanlikning av frie inntekter og utgiftsbehov, og vi kan seie at dei som relativt sett har det høgaste nivå på frie inntekter og er dei med høgast tilleggsinntekter.

Meland kommune meiner at fylkesmannen sine skjønsmidlar i større grad bør nyttast til å utjevne dei fundamentale inntektsforskjellane mellom kommunane i Hordaland, reflektert i oppstillingane over. Dette inneber å gje meir til dei mellomstore og større sentrale nabokommunane til Bergen og mindre til dei rike småkommunane i distriktet.

6 Skjønstilskot for 2015 og utviklinga vidare framover

Hordaland - ekskl. Bergen Fordeling skjønstilskot 2015	Frie inntekter per innb. (kr) 2015 (anslag)	Avvik frå nivået til Meland	Avvik i %	Folke- mengde 31.12. 2014	Skjøn- stilskot 2015	Skjøn- stilskot 2015 pr innb.	Andel skjøn- stilskot av totale frie innt. pr innb.	Skjøn- stilskot 2015 pr innb. avvik frå Meland	% avvik i forhold til Meland - pr innb.
1246 Fjell	46 805	-3 104	-6%	24 427	1 700	70	0,1%	-434	-86%
1221 Stord	47 515	-2 394	-5%	18 685	1 900	102	0,2%	-402	-80%
1243 Os (Hord.)	48 289	-1 620	-3%	19 097	900	47	0,1%	-457	-91%
1247 Askøy	48 461	-1 448	-3%	27 858	1 700	61	0,1%	-443	-88%
1253 Osterøy	49 083	-826	-2%	7 842	4 500	574	1,2%	70	14%
1263 Lindås	49 158	-752	-2%	15 402	-	-	0,0%		
1245 Sund	49 231	-679	-1%	6 752	900	133	0,3%	-371	-74%
1256 Meland	49 909	-	0%	7 736	3 900	504	1,0%	-	0%
1259 Øygarden	50 793	884	2%	4 733	-	-	0,0%		
1235 Voss	50 876	967	2%	14 347	5 100	355	0,7%	-149	-30%
1224 Kvinnherad	51 687	1 778	4%	13 234	7 200	544	1,1%	40	8%
1260 Radøy	52 218	2 309	5%	5 014	3 200	638	1,2%	134	27%
1216 Sveio	53 162	3 253	7%	5 509	3 800	690	1,3%	186	37%
1219 Bømlo	53 404	3 495	7%	11 761	10 400	884	1,7%	380	75%
1238 Kvam	54 224	4 315	9%	8 539	9 600	1 124	2,1%	620	123%
1228 Odde	54 637	4 728	9%	6 952	-	-	0,0%		
1211 Etne	55 026	5 117	10%	4 103	3 800	926	1,7%	422	84%
1264 Austrheim	55 296	5 387	11%	2 856	1 800	630	1,1%	126	25%
1222 Fitjar	56 021	6 112	12%	3 093	3 000	970	1,7%	466	92%
1241 Fusa	57 174	7 264	15%	3 838	4 800	1 251	2,2%	747	148%
1242 Samnanger	57 537	7 628	15%	2 443	2 200	901	1,6%	397	79%
1251 Vaksdal	58 169	8 260	17%	4 096	800	195	0,3%	-309	-61%
1244 Austevoll	58 335	8 426	17%	5 012	1 900	379	0,6%	-125	-25%
1223 Tysnes	58 700	8 791	18%	2 782	4 500	1 618	2,8%	1 114	221%
1231 Ullensvang	60 280	10 371	21%	3 411	2 500	733	1,2%	229	45%
1266 Masfjorden	66 639	16 730	34%	1 704	-	-	0,0%		
1227 Jondal	67 939	18 030	36%	1 100	2 000	1 818	2,7%	1 314	261%
1234 Granvin	69 158	19 249	39%	921	1 400	1 520	2,2%	1 016	202%
1233 Ulvik	72 103	22 194	44%	1 107	-	-	0,0%		
1232 Eidfjord	72 259	22 350	45%	950	-	-	0,0%		
1265 Fedje	90 001	40 092	80%	563	1 400	2 487	2,8%	1 983	393%
1252 Modalen	102 237	52 328	105%	378	-	-	0,0%		
Sum				236 245	84 900	359			

Tabellen over viser at det i 2015 vart tildelt kr 84,9 mill i skjønsmidlar til Hordlandskommunane ekskl. Bergen. Meland kommune fekk kr 3,9 mill av dette, ein reduksjon med kr 0,3 mill frå 2014. Beløpet utgjer kr 504 per innb. (31.12.2014). Det er varsla vidare nedtrapping i åra framover for Meland kommune.

I tabellen framgår det at det er kommunane som i utgangspunktet har høgast inntektsnivå som og får mest skjønsmidlar. Meland kommune meiner at profilen på tildeling av skjønsmidlar bør endrast, slik at dei kommunane med høg vekst, låge inntekter og strukturelle utfordringar bør tildelast relativt meir skjønsmidlar, sjølv om det går på bekostning av dei mindre og rikare kommunane.

Vi er i tillegg ueinig i nedtrappinga som følgje av at dei økonomiske resultatane i Meland kommune har vorte betre. Dette skuldast betre og strammare økonomistyring, og ikkje at tenestetilbodet har vorte betre. Det er viktig at ikkje kommunar som driv innanfor budsjett med god økonomistyring vert «straffa» med trekk i tilskotet. Det må vere dei fundamentale økonomiske føresetnadane som dannar grunnlag for tildelingane.

7 Auke i barnehageutgifter for Meland kommune i 2016

Tilskot til private barnehagar er ein av dei store utgiftspostane til kommunen, som og vil koma til å vekse mykje dei neste åra. Tilskotet til dei private barnehagane er berekna ut frå eit kalkulert kostnadsnivå og barnetal i den kommunale barnehagen 2 år før tilskotsåret, samt prognose for barnetal i dei private barnehagane.

I 2015 reknar vi med at tilskotet vert kr 70,9 mill og i 2016 kr 79,2 mill, ei auke på kr 8,3 mill. Auken kjem som følgje av regelverket for berekning av tilskot til private barnehagar og i stor grad uavhengig av auke i barnetalet. Store deler av forventa auke i dei frie inntektene frå 2015 til 2016 vil måtte gå til å dekke inn denne kostnadsauken, og set med det press på dei andre tenestene som kommunen skal levere.

8 Ekstra kostnadar som følgje av språkdelling ved skulane i Meland

Basert på tal på elevar i skulen og folkeregisteruttrekk av talet på born under skulepliktig alder har vi laga fylgjande prognose for tal elevar i dei ulike årsklassane:

Forventa elevutvikling basert på skuleår 14/15							Elevar i klassen pr klasstrinn 14/15:									
							1	2	3	4	5	6	7	8	9	10
Born fødd pr år:	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005	2004	2003	2002	2001	2000	1999
Grasdalen skule	19	28	30	34	23	26	29	11	26	16	12	12	13			
Sagstad skule	57	59	75	52	53	67	69	64	50	48	43	47	41			
Meland Ung.skule	76	87	105	86	76	93	98	75	76	64	55	59	54	43	53	57
Vestbygd skule	24	32	22	26	15	34	25	29	32	28	26	24	17			
Rossland skule	8	11	11	12	19	17	16	17	18	16	19	17	22			
Rossl. ungd.skule	32	43	33	38	34	51	41	46	50	44	45	41	39	29	46	38
TOTAL	108	130	138	124	110	144	139	121	126	108	100	100	93	72	99	95
Skuleåret 2015/16:	Elevtal 1-7 klasse :					787	Elevtal 8-10 klasse:			266	Elevtal totalt: 1 053					

Ut frå dette oversynet har vi berekna klassetal pr skuleår i økonomiplanperioden. Dette inkluderer språkdelling som vi får på fleire av skulane.

Det som i hovudsak er kostnadsdrivaren innan skulesektoren er talet på klassar. Grovt kan vi rekne lærarressursar på kr 1,0 mill pr klasse på barnetrinnet og 1,4 mill pr klasse på ungdomstrinnet. Tabellen på neste side viser at vi i skuleåret 2015/2016 reknar med å ha 10 ekstra klassar som følgje av språkdelling og at det vert 12 klassar ekstra i skuleåret 2016/2017.

Med føresetnad om kostnad på kr 1,0 mill per klasse vert det totalt ein ekstra kostnad på 10,8 mill (kr 10 mill * 7/12 + kr 12 mill * 5/12) for 2016.

Born fødd i år:	09	08	07	06	05	04	03	02	01	00	Språk- deling
Klassar 15/16 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	
Grasdal skule	2	2	1	2	1	1	1				3
Sagstad skule	4	3	3	3	2	2	2				2
Meland US								2	2	2	-
Vestbygd skule	2	2	2	2	2	2	2				5
Rosland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2	-
Sum pr trinn	9	8	7	8	6	6	6	4	4	4	10
Gj.snitt elever pr klasse:	16,0	17,4	17,3	15,8	18,0	16,7	16,7	23,3	18,0	24,8	

Born fødd i år:	10	09	08	07	06	05	04	03	02	01	Språk- deling
Klassar 16/17 pr trinn:	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	
Grasdal skule	2	2	2	1	2	1	1				4
Sagstad skule	3	4	3	3	3	2	2				3
Meland US								2	2	2	-
Vestbygd skule	2	2	2	2	2	2	2				5
Rosland skule	1	1	1	1	1	1	1	2	2	2	-
Sum pr trinn	8	9	8	7	8	6	6	4	4	4	12
Gj.snitt elever pr klasse:	13,8	16,0	17,4	17,3	15,8	18,0	16,7	25,0	23,3	18,0	

9 Utfordringar innan førebyggjande helsevern

Kommuneplanen for 2014 – 2015 (samfunnsdelen) vart vedteke av kommunestyret i mai 2014. Denne inneheld klare føringar for styrking av førebyggjande helsearbeid, og då spesielt innan helsestasjonstenesta og fysioterapitenesta.

Andre kommunale plandokument, utgreingar og avtalar som gjev innspel og føringar til kva som skal leggjast til grunn i kommunen i si prioritering av knappe økonomiske ressursar:

- Kunnskapsdokument folkehelse nemner spesifikke utfordringar på dette område, spesielt områda førebyggjande helsearbeid (friskliv), helsetenester for barn og unge og fysioterapi.
- Temaplan idrett, kultur og folkehelse, vedteke av kommunestyret i januar 2014 har lagt føringar for tilrettelegging av fysisk aktivitet.
- Tenesteavtaler inngått med sjukehusa, vedteke av kommunestyret i 2012. Desse er juridisk bindande for kommunen. I revidert tenesteavtale for svangerskap- barselomsorga vert det kommunale ansvaret for oppfølging av mor og barn i samband med fødsel tydeleggjort.
- I 2014 var det frå Helse Bergen og kommunane starta eit arbeid med å følgje opp tenesteavtale nr 10 (om førebygging). Dette pliktar oss til innsats bl.a. innan barn og unge, både dei med identifiserte behov, samt til å arbeide med tidlig identifisering av barn med spesifikke vanskar, samt oppfølging av denne gruppa.
- Samarbeidsavtalar, føringar i kommuneproposisjonen og andre statlige rundskriv beskriv føringar og spesifikke satsingsområder for kommunal helseteneste, og kommunen bør ha rom i budsjettet for å kunne følgje opp slike prioriterte område.
- Kommunen har fremja omgrepet helse i alt vi gjer.

Elles gjeld generelt for helsetenesta at folkeveksten krev tilsvarande opptrapping av fastlegetenesta. Det er og ei utfordring for tenesta at det manglar lokaliteter for nokre av aktivitetane som helsetenesta driv.

Kommunen opplever sterk vekst i dei yngste årsklassane, og det er naudsynt med bemanningsauke i tenestene som er retta mot dei yngste. Det er sett i gang eit regionalt samarbeid for frisklivstiltak og lærings- og mestringsstilbod for kronisk sjuke. Meland kommune bør setje av midlar til kommunal eigenandel i desse samarbeidstiltaka.

Våren 2015 har Regjeringa lansert 2 stortingsmeldingar om kommunalt arbeid innan helsesektoren, ein om folkehelse og ein om primærhelsetenestene. Stortingsmelding 19 (2014-2015) «Mestring og muligheter» bygger på folkehelsemeldinga frå 2013. Regjeringa vidarefører i all hovudsak retninga i folkehelsearbeidet som var gitt av førre regjering. Stortingsmelding 26 (2014-2015) om primærhelsetenesta kom i mai 2015. Denne legg opp til styrking av helse tenester for barn og unge. M.a. varslast ny forskrift om drift av helsestasjon. Det vert lagt opp til styrking av feltet rus/psykiatri med m.a. overføring av driftsansvar for dei distriktpsykiatriske sentra til kommunane. Innan rehabiliteringsfeltet må kommunane styrke både stillingsressursar og kompetanse, og det er varsla ny finansieringsordning innan kommunale fysioterapitenester.

Konkret gjennomføring og finansiering av desse endringane veit ein pr i dag lite om. Men det er viktig at kommunen, når ein utviklar tenestetilbod, tar høgde for dei endringar som er venta. Sjølv om kommunen må forutsette at nye krav vert statleg finansiert, veit ein at det innan fleire område ligg krav om kommunal delfinansiering.

Generelt opplever Meland kommune det som svært utfordrande å klare å prioritere midlar til førebyggjande helsearbeid og nye tiltak som spesifisert over. Vi ligg på etterskot når det gjeld å auke tenestenivået i takt med folketalsutviklinga, og å oppretthalde tenestenivået i trå med nasjonale føringar.

10 Auke i rusproblem og forventta auke i naudsynte rustiltak

Meland kommune ser etter stenginga av Nygårsparken i Bergen ei auke i rusrelaterte problem lokalt i kommunen. Det kan synast som om personar med rusproblem som tidlegare trakk inn mot Bergen sentrum i dag vel å opphalde seg lokalt i kommunen, og dette krev auka merksemd frå rusomsorga i kommunen. I tillegg fører folkevekst og tilflytting til at vi og får ei generell auke i rusproblem, og med svak økonomi har Meland kommune vanskar med å prioritere ressursar til å møte denne type utfordringar.

Regionalt ser det ut som Meland kommune har større utfordringar her enn nabokommunane. Dette kan ha med nærleiken til Bergen å gjere, men elles har ikkje fagetatane nokon god forklaring på dette utviklingstrekket som ein har sett det siste halve året.

11 Utfordringar i samband med høg og aukande arbeidsløyse

Arbeidsløysa i Meland kommune er per mars 2015 nær 4% og ligg høgast i fylket. I tillegg ligg Meland kommune høgt når det gjeld brukarar som er under arbeidsavklaring. Arbeidsavklaring er ei statleg yting som sikrar folk inntekt i periodar der folk på grunn av sjukdom eller skade har trong for hjelp frå NAV for å kome i arbeid.

Meland kommune har mange unge som er ledige og mange unge som er under arbeidsavklaring. Enkelt sagt er det slik at for kvar dag ein person er registret i NAV-systemet aukar sjansen for at personen vert verande i NAV. Tida arbeider mot oss. Arbeid med ungdom uavhengig av yting er difor eit prioritert område i NAV generelt og særskilt i Meland kommune. Kommunestyret har og vedtatt aktivitetsplikt for ungdom på sosialhjelp. Aktivitetsplikta vert praktisert. Møter ein ikkje slik det ligg vilkår om, fell heile eller deler av sosialhjelpa bort. Ein del av ungdommane våre er vanskelegare å finna høvelege aktivitetar for enn andre. Skal vi sikre ein god aktivitet som kan gje resultat, må ein del av ungdommane fylgjast meir opp i arbeidsretta aktivitet enn det ein kan vente

at dei aktuelle arbeidsgjevarane eller avdelingane i kommunen kan gi. NAV Meland vil difor leggje opp eit stramt «regime» rundt ungdom slik at dei ikkje vert gåande som passive mottakarar av ytingar, og i staden vert motivert for arbeid eller skule. NAV Meland har etablert «ungjobb» som er ein møteplass for ledig ungdom.

Frå hausten 2015 ynskjer NAV Meland i tillegg å knytte seg opp mot ei ungdomssatsing på Lindås der ungdommane må møte kvar dag. NAV Meland må stille med folk til satsinga ved Lindås. Det er framover behov for stillingsressursar for særskilt å kunne fylgje opp dei som ikkje kan nyttiggjera seg ordinære tiltak og utplassering.

Det er vanskeleg å finne ei god forklaring på at Meland ligg høgt på arbeidsløyse-statistikken. Det kan skuldast at vi har ein ung befolkning med relativt lågt utdanningsnivå. Det er og mange som pendlar til arbeid i Bergen. Dermed er mange i mindre etablerte arbeidsforhold, og mellom de første som må gå i nedbemanningssituasjonar, slik vi har opplevd hjå mange verksemder den siste tida.

Meland kommune ber fylkesmannen vurdere skjønsmidlar til hjelp for å finansiere tiltak på dette området og til å sikre finansiering av forventa auke i kommunale utgifter som følgje av auke i arbeidsløyse.

12 Oppsummering

Vi har i dette notatet kommentert ein del sentrale tenesteområde der kommunen har utfordringar knytt til å prioritere tilstrekkeleg midlar, samt område der vi meiner Meland kommune har særskilte utfordringar samanlikna med andre kommunar. På alle område meiner vi at vi driv nøkternt og ligg lågt på kostnader i forhold til tenestenivå og tenestekvalitet. Vi meiner og at vi har god økonomistyring og god kontroll på utgiftene.

Vi håper på positiv vurdering av de behov som er lista opp og kommentert, og forståing for det utfordringsbilete vi har presentert.

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Per Inge Olsen
økonomisjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Nils Marton Aadland

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland

Postmottak